

b) Atterhald om panthavarar

Kjøpar tek atterhald om at eventuelle panthavarar må gi samtykke til at erstatninga kan utbetalast. Det er kjøpar som innhentar dette samtykket.

3. Spesielle kontraktsvilkår

1. Eigar av gnr. 37, bnr. 7 riv og fjernar sjølv den delen av sauefjøsene som er over grunnmur. Dvs. alt treverk inkl. tak m/takstein.

Frist for riving vert sett til 19. april 2022.

Erstatning for fjerning/riving av sauefjøsene vert først utbetalt når bygget er fjerna. Dersom bygget ikkje er fjerna til avtalt tid, vil Vestland fylkeskommune fjerne bygget sjølv. Avtalt sum for å fjerne/rive bygget vert då ikkje utbetalt.

Vestland fylkeskommune søker om riving, og eigar av gnr. 37, bnr. 7 må følge dei krava som evt. vert stilt i samband med riveløyve. Rivinga kan ikkje starte opp før søknad er handsama av kommunen.

2. Dyrka mark som vert nytta midlertidig i anleggsperioden, skal ryddast og tilbakeførast til dyrka mark av same stand som tidlegare.
3. Anna areal som vert nytta midlertidig vert rydda og tilordna.
4. Avkøyrslø/tilkomst/grind mellom sauefjøs og nabogrense mot gbnr. 37/5 vert stengt, og vert ikkje reetablert etter at tiltaket er utført.

4. Generelle kontraktsvilkår

Desse generelle kontraktsvilkåra gjeld dersom ikkje anna er avtalt i punkt 3.

a) Kva erstatninga skal dekkje

Kjøpesummen skal dekkje avståing av grunn og rettar, samt alle skadar og ulemper som har samband med avståing, eller med det vegtiltak det ervervast til fordel for.

Erstatning for skade og ulempe som følgje av anleggsdrifta, er haldne utanfor og vil bli behandla uavhengig av denne kjøpekontrakten.

b) Flytting av gjerde og andre innretningar

Eventuell frist for å flytte gjerde eller andre innretningar som seljar skal behalde, er oppført i punkt 3. Seljar skal plassere gjerdet etter tilvising frå kjøpar.

c) Leidningar

Kjøpar utfører og betaler for nødvendig omlegging av lovleg plasserte leidningar. Det gjeld likevel ikkje dersom løyvet til å leggje leidningane er gitt på spesielle vilkår.

d) Avkøyrslar og tilkomstforhold

Eventuelle endringar i avkøyrslar eller tilkomstforhold går fram av planteikningane eller er oppførte under punkt 3. Kjøpar har ikkje ansvar for å vedlikehalde avkøyrslar eller tilkomstveggar i framtida.

e) Tiltreding av eigedommen

Kjøper kan ta grunnen i bruk (tiltre eigedommen) når denne kontrakten er underteikna av begge partar.

f) Registrering i det offentlege eigedomsregisteret – matrikkelen

Kjøpar sender melding til kommunen om at denne kontrakten er inngått, slik at kontrakten blir registrert i matrikkelen (jf. § 48 i føresegn til matrikkellova). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikkelføringa er fullført.

g) Tinglysing

Denne kontrakten kan tinglysast på eigedommen gnr. 37, bnr. 7. Kontrakten kan ikkje slettast utan samtykke frå kjøpar. Kjøpar er ansvarleg for kostnadene ved tinglysinga.

5. Underskrifter

Denne kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Seljar

Kvingo 18/12-21
.....
Dato

Wenke F. Ekren
.....
Wenke Fredheim Ekren

.....
Fødselsnummer

.....
Bankkontonummer til seljar

Kjøpar

Wenke F. Ekren
Wenke Fredheim Ekren
Vestland fylkeskommune

821 311 632
Organisasjonsnummer